



STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I HORDALAND  
Lurevegen 1575  
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Tilsegn om tilskot til trua naturtypar 2019 - skjøtsel og vedlikehald av kystlynghei. Lyngheisenteret på Lygra, Lindås.

---

**Stiftinga museumssenteret i Hordaland får tilskot til skjøtselstiltak i Lindås kommune. Tilskotet på 250.000 kroner blir utbetalt når vi har mottatt rapport for gjennomført tiltak.**

---

Vi viser til søknaden din om 250.000 kroner til skjøtsel av verdifull kystlynghei på Lygra.

### Fylkesmannen si vurdering og vedtak

Dei tiltaka det blir søkt om tilskot til er i samsvar med skjøtselsplan for området.

Beløpet det blir søkt om er høgare enn om vi skulle ha nytta dei satsane vi har sett opp for skjøtsel av kystlynghei. Museumssenteret driv på andre premisser enn private grunneigarar og vi er samde om at dette er meir kostnadskrevjande enn vanleg drift. Vi ser og verdien av at lyngheisenteret er eit kompetansesenter for lyngheidrift for heile landet, og driv aktivt med formidling og kunnskapsoverføring. De får derfor tildelt 250.000 kroner, slik de har søkt om. Dette er om lag same beløp som er tildelt tidlegare, og vi veit av erfaring at det er bruk for eit beløp med denne storleiken. Midlane blir overført til kontonummeret som var oppgjeve i søknaden når vi har mottatt sluttrapport for at arbeidet er gjennomført.

Vi meiner at dei planlagde tiltaka berre vil ha positive verknader for naturmangfaldet, jf. krav til vurdering i naturmangfaldlova § 7, og ser difor ikkje grunn til å kommentere dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 nærare.

### Krav til rapportering og rekneskapsplikt

Sluttrapport skal registrerast i elektronisk søknadssenter seinast 1. oktober 2019.

For dei som er rekneskapspliktige etter rekneskapslova, skal bilag takast vare på i minst 5 år etter avslutting av rekneskapsåret.

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har rett til å føre tilsyn med at tilskotet vert brukt i samsvar med føresetnadene.



Tilskotet kan krevjast heilt eller delvis attende dersom det er utbetalt på feilaktige premissar.

**Rett til å klage på vedtaket**

Vedtaket om tilskot kan klagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal sendast via Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Johannes Anonby  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Lindås kommune